



Nedre Halsabrotet har fått klarsignal

Etter mykje ventetid og mange handsamingsrunder er bustadprosjektet Nedre Halsane Byggjefelt med 11 husvære under arbeid og Lars Øyjord i Actavia Invest er glad for å kunne melde at tremannsbustaden er seld. Det er den som startskotet har gått for.

Ein av dei 4 tomannsbustadane er også seld medan andre ventar på finansiering. Bak prosjektet står Øyjord og Ivar Gundersen i Actavia og Berge Sag. Bustadane har eit buareal varierende frå 92 til 105 kvadratmeter.

Sentral beliggenheit, felles leikeområde og god parkeringsplass er nokre av argumenta som vert nytta i salsprosessen. Prisen startar på 3473 kroner i månaden.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen